



Møteprotokoll

Møtedato: 16. oktober 2020 **Møtetid:** Kl. 09:00 – 11.15

Møtestad: Dagsenteret på omsorgssenteret, **Saksnr.:** 40/20 - 46/20
Bryggja.

Følgjande medlemmar møtte

Håkon Sjøstad (Leiar)
Kariann Myklebust Fagerli (Nestleiar)
Malene Friberg (Medlem)

Følgjande medlemmar møtte ikkje

Magne Fure
Jessica Haaland

Følgjande varamedlemmar møtte

Dagfinn Olav Kvamme for Magne Fure
Jetmund Nyvang for Jessica Haaland

Følgjande frå administrasjonen møtte

Elin Leikanger, kommunalsjef areal og eigedom
Barbro Farstad Longva, kommunalsjef helse og omsorg

Merknad til innkallinga

Følgjande frå Vest Kontroll møtte

Jostein Støylen Dagleg leiar

Følgjande frå Kommunerevisjonen Vestland revisjon møtte

Følgjande saker vart handsama

- SAK 40/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL
- SAK 41/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 42/20 MELDINGAR
- SAK 43/20 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 44/20 KOMMUNEDIREKTØREN - ORIENTERING OM AVVIKSSYSTEMET TIL KOMMUNEN
- SAK 45/20 BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET 2021
- SAK 46/20 KOMMUNALSJEF - ORIENTERING OM PLEIE OG OMSOGSTENESTA I KOMMUNEN

Utskrift møteprotokoll: Kommunestyret som melding til neste møte, ordførar og rådmann som orientering og kontrollutval med vara for godkjenning til neste møte.

Signatur:

Håkon Sjøstad

Malene Friberg

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
40/20	033	06.10.2020	16.10.2020	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLLEN

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Malene Friberg

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
41/20	049	06.10.2020	16.10.2020	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 11.09.2020.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 11.09.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
42/20	033&17	06.10.2020	16.10.2020	KS

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Vedlegg

1. Frå nettavisa kommunalrapport, av 07.09.2020 «Ikke nødvendig å erstatte hele kontrollutvalget selv om lederen får fritak».
2. Frå nettavisa kommunalrapport, av 17.08.2020. «Kontrollutvalget kan kreve at kommunedirektøren stiller på møte».
3. Frå bladet Kommunerevisoren. «Kontrollvettreglene».

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
43/20	033&58	06.10.2020	16.10.2020	KS

GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har på det noverande tidspunkt ingen merknadar til gjennomgang av møteprotokollar.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Stad kommune si heimeside - <https://stad.kommune.no/politikk-og-organisasjon/politikk/moteplan-og-sakspapir/>

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Administrasjonsutvalet:	03.09		
Eigedomsskatt – Klagenemnd:			
Eigedomsskatt – Sakkunnig nemnd:	04.05		
Finansutvalet:	11.06		
Nordfjordrådet:	31.08	21.09	
Stad eigedomsutvikling KF:	08.06	17.09	01.10
Stad eldreråd:	31.08		
Stad Fjordvarme KF:	01.07		
Stad formannskap:	03.09		
Stad kommunestyre:	18.06	10.09	
Stad kontrollutval:			
Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne:	31.08		
Stad ungdomsråd:	31.08		
Utval for areal og eigedom:	01.09	28.09	
Utval for helse og omsorg:	02.09		
Utval for kultur, idrett, samfunn og næring:	01.09		
Utval for oppvekst og opplæring:	02.09		

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
44/20	047	07.10.2020	16.10.2020	KS/JS

KOMMUNEDIREKTØREN - ORIENTERING OM AVVIKSSYSTEMET TIL KOMMUNEN

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunedirektøren v/ kommunalsjefane Elin Leikanger og Barbro Farstad Longva til vitende.

I møtet

Kommunalsjefane Elin Leikanger og Barbro Farstad Longva orienterte om kvalitetssystemet Compilo, som kommunen brukar.

Oppsummering frå orienteringa:

Avvik frå Eid og Selje kommunar vart overført til det nye systemet.

Systemet er under stadig utvikling/oppdatering.

Namn vert anonymisert.

Alle tilsette skal ha tilgang og kunne rapportere.

Rapportering går til næraste leiar, som har tre veker til å «handle». Om ikkje noko skjer, går det vidare til neste overordna.

Systemet er bygd opp etter teneste.

Ein kan legge inn i systemet både avvik og uønskt hendingar og ein kan legge inn forbetningsforslag.

Ein kan også legge inn varsling, det går då direkte til kommunedirektøren.

Saksopplysningar

Kommunedirektøren vert kalla inn for å orientere om avvikssystemet til kommunen, samt svare på spørsmål. Vi har fått opplyst at det er Elin Leikanger som skal orientere på vegne av kommunedirektøren.

Kontrollutvalet ber om ei orientering på møte 16. oktober 2020 om avvikssystemet til kommunen.

Dei stilte bl.a. desse spørsmåla i møtet 11.09.2020.

- Er avvikssystema i Selje og Eid slått i hop, eller har Stad eit eige avvikssystem?
- Er «Sørland-saka» registrert som eit avvik? Jfr. Sak 35/20 Meldingar, vedlegg 2.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
45/20	151	14.10.2020	16.10.2020	JS

BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET 2021

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet sitt framlegg til eige budsjett for 2021 må ha ei ramme på kr 219.000.
2. Kontrollutvalet tek til vitende budsjetta for Vest kontroll og Søre Sunnmøre kommunerevisjon for 2021, då vedtaksmynde for budsjettet ligg til representantskapa i selskapa.
3. Kontrollutvalet tek til vitende at den samla ramma for kontrollarbeidet i 2021 blir på kr 1.512.000.

Vedlegg

Ingen.

Saksopplysningar

Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2:

«Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven §14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.»

Utdrag frå KOSTRA rettleiaren som skal gå fram på funksjon 110:

«Utgifter og inntekter knyttet til kommunens kontrollutvalg etter kommuneloven kapittel 23 og revisjon etter kommuneloven kapittel 24. Herunder møtegodtgjørelser og andre utgifter knyttet til møteavvikling i kontrollutvalget, utgifter knyttet til kontrollutvalgssekretariatet, og utgifter knyttet til regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.»

Kontrollutvalet

	2021	2020
Trekkpliktig godtgjersle		0
Fast godtgjersle folkevalde /pensjon	70.000	35.000
Møtegodtgjersle	50.000	25.000
Tapt arbeidsforteneste	13.000	13.000
Arbeidsgjevaravgift	15.000	7.738
Arbeidsgjevaravgift – redusert p.g.a. korona	0	-500
Abonnement og faglitteratur	1.000	2.000
Servering	3.000	5.000
Frikjøp politikarar	0	0
Kurs/konferanse/opplæring	40.000	60.000
Trekkfri kilometergodtgjersle	0	0
Reiseutgifter (buss, ferje, fly, drosje, bompengar	20.000	30.000
Kontingentar	7.000	7.000
Utgiftsført moms	4.000	4.000
Utgiftsført moms (minus)	-4.000	-4.000
Sum	219.000	184.238

Kontrollutvalet tilrår eige budsjett som vert vedteke av kommunestyret.

Det er vesentleg underbudsjettering i 2020 på godtgjersler, då satsane i nytt reglement for møtegodtgjersle ikkje vart teke høgde for. Dette gjer at budsjettet er vesentleg auka på desse postane. Justering av 2020 budsjettet er enno ikkje utført, men vil bli gjort. Viser her til opplysningar frå økonomisjefen.

Sekretariatet

	2021	2020
Vest kontroll Kommunalt oppgåvefellesskap	255.000	225.000

Styret tilrår budsjettet som vert vedteke av representantskapet. Det er då ein årleg bindande fastpris.

Revisjonen

	2021	2020
Vestland Revisjon Kommunalt oppgåvefellesskap	1.038.000	1.080.000

Styret tilrår budsjettet som vert vedteke av representantskapet.

I summen inngår rekneskapsrevisjon, etterlevelserrevisjon, attestasjonar, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll, tippemiddelrekneskap, oppmøte i kontrollutval og kommunestyre samt mindre konsulentoppdrag. Dvs. samla utbetaling til revisjonen for det aktuelle året.

Totalt budsjett for kontrollarbeidet

	2021	2020
Samla	1.512.000	1.487.238

Opplæring

Kommunal- og moderniseringsdepartementet skriv mellom anna dette i Kontrollutvalsboka (2016):

«Det er avgjerande for godt kontrollarbeid at kontrollutvalsmedlemer blir sette i stand til å utøve vervet sitt på ein god måte: Kommunestyret bør sørge for at det er tilstrekkeleg budsjett til at kontrollutvalsmedlemmene kan delta på kurs og konferansar.»

«Kommunestyret er ansvarleg for at kontrollutvalsmedlemmene og varamedlemene får tilstrekkeleg opplæring i sine kontroll- og tilsynsoppgåver.»

«Kontrollutvalet bør sørge for at medlemmene (både faste og vara) får tilstrekkeleg opplæring. Det vil vere nyttig at utvalet held seg orientert om arrangement i regi av bransjeorganisasjonar og foreiningar, og sjølv tek initiativ til kurs medlemmene har trong for» I tillegg til den grunnleggjande opplæringa er det viktig at kontrollutvalet held seg oppdaterte. Dette er ein kontinuerlig prosess som det må løyvast midlar til.

For å gi kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille naudsynte ressursar til disposisjon. (Kontrollutvalsboka 2016:16) Difor må kontrollutvalet ha sitt eige budsjett som mellom anna skal dekkje opplæring, kurs/konferansar, litteratur m.m.

Budsjettframlegget til kontrollutvalet kan berre endrast av kommunestyret.

«Grunnen til at budsjettet til kontrollutvalet er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller eit organ som kontrollutvalet skal kontrollere og ha tilsyn med, til dømes formannskapet eller administrasjonsutvalet, får innverknad på budsjetttrauma til tilsynsorganet.

(Kontrollutvalsboka 2016:16)

Saksgang

Budsjettframlegget til kontrollutvalet skal **uendra** følgje det samla budsjettframlegget til kommunestyret, slik at kommunestyret ved budsjetthandsaminga har informasjon om kontrollordninga sitt budsjett.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
46/20	047	13.10.2020	16.10.2020	KS/JS

KOMMUNALSJEF - ORIENTERING OM PLEIE OG OMSOGSTENESTA I KOMMUNEN

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunalsjef Helse og omsorg Barbro Farstad Longva til vitende.

I møtet

Kommunalsjefane Barbro Farstad Longva og Elin Leikanger orienterte.

Det var veldig ulik organisering i Selje og Eid.

Det vert brukt mysje ressursar til å samordne tenestane.

Det er no organisert med seks einingsleiarar. Sjå vedlegg om kommunen si organisering for helse og omsorg, som følgjer saka og møteprotokollen.

Når det gjeld Bryggja omsorgssenter er det stabile tilsette.

Det er eit vel fungerande omsorgssenter.

Det var også orientert om tilhøve på «Elvabøen».

Det vert reist spørsmål om å stenge møtet ved orienteringa.

Debatten om å stenge gikk for lukka dører og avstemminga om lukking av møtet vart gjort i oppe møte.

Kontrollutvalet vedtok å stenge møtet med heimel i Kommunelova § 11-5 3.lekk a).

Etter orienteringa vart møtet opna igjen

Saksopplysningar

Kommunedirektøren v/ kommunalsjef helse og omsorg vert kalla inn for å orientere om pleie og omsorgstenester til kommunen, samt svare på spørsmål.

Møtet slutt.

Møteprotokollen går til: **Kommunestyret som melding**
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte